

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Oppstryn
Dato: 07.10.2013
Tidspunkt: 10:30-15:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	
Olve Grotle	Medlem	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Ivar Kvalen	Leiar	
Eline Orheim	Medlem	
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	NESTL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marie Johanne Folven	Sven Flo	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
MariaKnagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens Naturoppsyn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet (underskrift pr e-post).

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 24/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 25/13	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 26/13	Orienteringar		
RS 4/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - helikopterflyging til Steinmannen		2013/4088
ST 27/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - uløyvde tiltak i Brenndalen		2013/4122
ST 28/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2014-2017		2013/3553
ST 29/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdselsvegen over Tyvareset		2013/128
ST 30/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - gjeldande stimerking frå Sunndalen til Ytste Leirvatnet - utsetting av sak		2013/2989
ST 31/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - oppsetting av fastmerker for til frontposisjonsmålingar av brear		2013/3875
ST 32/13	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - økonomisk oversyn og ev justeringar for resten av året		2012/4862
ST 33/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - støtte til breturkartet 2013		2013/3755
ST 34/13	Besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark		2013/3024

Orienteringar:

- Restaureringa av ferdslevegane i sommer; Kamperhamrane, til Flatbrehytta og Bakkedalen.
- Delegasjon frå det svenske Naturvårdsverket på studietur til Skålastien.
- Studentoppgåver på innfallsportar.
- Korrigering av kartgrunnlaget til nasjonalparken.

ST 24/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Vedtak

Framlegg frå forvaltar å handsame sak 33 (midlar til Breturkart) før sak 32 (økonomisk oversyn og justeringar).

ST 25/13 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Vedtak

Eline Orheim og Einar Målsnes blei valt til å skrive under protokollen frå dette møtet. Dei stadfestar då pr e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Leiar Ivar Kvalen må også skrive under.

ST 26/13 Orienteringar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Orienteringar

Restaureringa av ferdslvegane i sommer; Kamperhamrane, til Flatbrehytta og Bakkedalen har alle vore vellukka og til stor glede for folk både fjern og nær. Rekneskapet til Kamperhamrane og stien til Flatbrehytta viste seg litt romslegare enn vi trudde under budsjettplanlegginga, så kr 100 000,- som styret hadde disponert til prosjektet kan likevel gå til andre tiltak i verneområdet. Totalkostnaden på begge disse stiane er om lag 1,2 mill. kr. SNO viste lysbilete frå Kamperhamrane og stien til Flatbrehytta og fortalte om vel utført arbeid.

Ein delegasjon frå det svenske Naturvårdsverket og Lensstyrelsen var på studietur i nasjonalparken vår, til Skålastien, for å lære om tilretteleggingsarbeid med stein på stiar. Anne Rudsengen, Rune Holen og Maria Knagenhjelm var med under synfaring på Skålastien. Nestleiar i nasjonalparkstyret, Sven Flo, og prosjektleiar Ole Runar Aabrekk var også med under eit kveldsmøte i Loen. Styret inviterte delegasjonen på middag på hotell Loenfjord.

Fire studentar skreiv i det akademiske året 2012/13 om tilrettelegginga av innfallsportane Kjenndalen, Bødalsseter og Krundalen. For det neste akademiske året skal tre nye grupper studentar skrive om innfallsportane til Supphellebreen, Bøyabreen og Briksdalsbreen. Prosjektet vart finansiert av bestillingsdialogen 2011.

Tema som har med kart og grenser til nasjonalparken er framleis Fylkesmannen sitt ansvarsområde, og i september var Fylkesmannen v/ Tom Dybwad, landmålar i Jølster kommune Bjørn Støfring og nasjonalparkforvaltaren rundt på 36 punkt i nasjonalparken for å korrigere grensepunkta i kartet til dei fysiske grensepunkta i terrenget. Det var mange avvik i kartet, så no kan nye korrekte kart bli utarbeida.

Anna:

Eline Orheim spurte korleis arbeidet med forvaltningsplanen gikk, og forvaltaren kunne fortelje at styret snart skal få innkalling til telefonmøte for klarsignal om oppstartsmelding. Dette bør skje i løpet av ei månad.

Fleire i styret hadde også innspel om ei ev studietur for å sjå på tilrettelegging og innfallsportar i andre område.

RS 4/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - helikopterflyging til Steinmannen

ST 27/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - uløyvde tiltak i Brenndalen

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Handsaming i møte

Styret diskuterte om det var mogeleg i forvaltningsplanarbeidet å lage ei konsesjonsordning for næringsverksemd i verneområdet. Dette må forvaltar finne ut av. Styret kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender saka over til Miljødirektoratet for eventuelle administrative sanksjonar, jf. naturmangfoldlova kap. VIII og til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for vurdering av pålegg om retting og avbøtande tiltak etter kapittel IX i naturmangfoldlova.

Nasjonalparkforvaltar skal også innkalle tiltakshavar til møte for å klargjere vernereglane i nasjonalparken.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender saka over til Miljødirektoratet for eventuelle administrative sanksjonar, jf. naturmangfoldlova kap. VIII og til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for vurdering av pålegg om retting og avbøtande tiltak etter kapittel IX i naturmangfoldlova.

Nasjonalparkforvaltar skal også innkalle tiltakshavar til møte for å klargjere vernereglane i nasjonalparken.

ST 28/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å arrangere motbakkeløpet Skåla Opp 2014-2017

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2014 til og med 2017 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltakarar skal ikkje overstige 1800 personar. Arrangøren står fritt til å vurdere korleis de ønskjer å fordele tal deltakarar mellom konkurranseklassa og mosjonistklassa, så lenge dei resterande vilkåra er oppfylt.
2. Deltakarane skal følgje den merka stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltakarane kan halde seg på stien. For å hindre unødige terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og ev søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødige støy.
5. Ei (1) landing med helikopter for frakt av vatn, sikringsutstyr, med meir i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og ei (1) landing i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar. Arrangøren må undersøke med Bergen turlag for koordinering av ev felles transport (t.d. av ved o.a.).
6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei nummererte vilkår som er sett i løyvet, og i tillegg tal deltakarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsle, korleis arrangøren ser til at alle føl stien, samt annan relevant informasjon.
7. Etter eit gjennomført arrangement skal det ikkje opnast for påmelding til løpet året etter før tilstanden på stien er vurdert av SNO/forvaltning. Dette for å årleg vurdere korleis terrenget blir påverka, jf. vilkår 8.
8. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og ev lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan ei veke etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om føre-var-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».

I og med at Bergen turlag eig Skålatårnet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av tårnet i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eigedom der løpet passerar. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen turlag og til grunneigarane.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering av verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda (jf. fjellteksten).

Handsaming i møte

Framlegg frå Einar Målsnes om at punkt 1. i løyvet skal vere: «Maksimalt tak deltakarar i konkurranseklassen skal ikkje overstige 800 personar.»

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2014 til og med 2017 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltakarar i konkurranseklassen skal ikkje overstige 800 personar.
2. Deltakarane skal følgje den merka stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltakarane kan halde seg på stien. For å hindre unødige terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og ev søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødige støy.
5. Ei (1) landing med helikopter for frakt av vatn, sikringsutstyr, med meir i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og ei (1) landing i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar. Arrangøren må undersøke med Bergen turlag for koordinering av ev felles transport (t.d. av ved o.a.).
6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 1. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet opp mot dei nummererte vilkår som er sett i løyvet, og i tillegg tal deltakarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsle, korleis arrangøren ser til at alle føl stien, samt annan relevant informasjon.
7. Etter eit gjennomført arrangement skal det ikkje opnast for påmelding til løpet året etter før tilstanden på stien er vurdert av SNO/forvaltning. Dette for å årleg vurdere korleis terrenget blir påverka, jf. vilkår 8.
8. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og ev lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan ei veke etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-10 om føre-var-prinsippet og samla belastning og § 11 som fastslår at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*».

I og med at Bergen turlag eig Skålatårnet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av tårnet i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har

eigedom der løpet passerar. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen turlag og til grunneigarane.

Vedtaket er fatta ut frå ei totalvurdering av verneformålet, andre brukargrupper og målsetting om auka verdiskaping knytt til bruk av verneområda (jf. fjellteksten).

ST 29/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdselsvegen over Tyvareset

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Framlegg frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamer spørsmålet om gjenopning av den gamle ferdsleveggen frå Oppstryn til Loen over Tyvareset når forvaltningsplanen skal reviderast.

Då kan alle stier/ferdsleveggar i nasjonalparken bli vurdert heilskapleg, og forvaltningsplanen vil legge betre grunnlag for å skaffe tiltaksmidlar via bestillingsdialogen.

Handsaming i styret

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamer spørsmålet om gjenopning av den gamle ferdsleveggen frå Oppstryn til Loen over Tyvareset når forvaltningsplanen skal reviderast.

Då kan alle stier/ferdsleveggar i nasjonalparken bli vurdert heilskapleg, og forvaltningsplanen vil legge betre grunnlag for å skaffe tiltaksmidlar via bestillingsdialogen.

ST 30/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - gjeldande stimerking frå Sunndalen til Ytste Leirvatnet - utsetting av sak

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Innstilling frå forvaltar

Vedtak gjeldande stimerking mellom Sunndalen til nasjonalparkgrensa vert handsama av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at Breheimen nasjonalparkstyre har handsama den i sitt møte i slutten av november 2013. Privatrettslige vilkår også må vere på plass før handsaming i styret.

Handsaming i styret

Innstillinga vart samrøystes vedteke

Vedtak

Vedtak gjeldande stimerking mellom Sunndalen til nasjonalparkgrensa vert handsama av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter at Breheimen nasjonalparkstyre har handsama den i sitt møte i slutten av november 2013. Privatrettslige vilkår også må vere på plass før handsaming i styret.

ST 31/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - oppretting av fastmerker for til frontposisjonsmålingar av brear

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Framlegg frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaforståing, i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat, for å opprette fastmerke framfor Haugabreen i Jølster og Vetle Supphellebreen i Fjærland for å kunne måle frontposisjonsendringar på breane.

Der terrenget ikkje er utsett for skred, vatn, elver eller anna som kan øydelegge eit målepunkt bør de helst bygge vardar. Elles må merkene kunne målast på stein eller berg, det skal ikkje setjast ned boltar eller anna som representerer permanente inngrep. De kan nytte mørk raud eller grå måling.

Løyvet er gitt med heimel i naturmangfaldlova si § 48.

Handsaming i styret

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaforståing, i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat, for å opprette fastmerke framfor Haugabreen i Jølster og Vetle Supphellebreen i Fjærland for å kunne måle frontposisjonsendringar på breane.

Der terrenget ikkje er utsett for skred, vatn, elver eller anna som kan øydelegge eit målepunkt bør de helst bygge vardar. Elles må merkene kunne målast på stein eller

berg, det skal ikkje setjast ned boltar eller anna som representerer permanente inngrep. De kan nytte mørk raud eller grå måling.

Løyvet er gitt med heimel i naturmangfaldlova si § 48.

ST 32/13 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - økonomisk oversyn og ev justeringar for resten av året

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Innstilling frå forvaltar

I møteinnkallinga vart saka lagt fram utan innstilling, men framlegg til fordeling av dei resterande tiltaksmidlane vart presentert på styremøtet.

Handsaming i styret

Styret tok stilling til a) dei frie tiltaksmidlane, b) driftsbudsjettet c) bestillingsdialogmidlar til forvaltningsplanarbeidet (også inkludert noko av driftsbudsjettet). Vedtaket vart einstemmig.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtok einstemmig:

a) å nytte dei resterande tiltaksmidlane på kr 147 000,- til tiltak i nasjonalparken. Midlane er fordelt på følgjande måte:

<i>Flaumpark Fossøy:</i>	<i>kr 20 000,-</i>
<i>Trekanthytta på Steinmannen:</i>	<i>kr 50 000,-</i>
<i>Utsiktsrydding Bøyabreen:</i>	<i>kr 20 000,-</i>
<i>Bru Hogrenning:</i>	<i>kr 30 000,-</i>
<i>Kvannebakkbu:</i>	<i>kr 27 000,-</i>

b) Styret vedtok å nytte noko av driftsbudsjettet til profileringsartiklar for nasjonalparken, til dømes pins, klistremerke, buffs, t-skjorter eller liknande, samt roll-up. Forvaltar følgjer opp dette.

c) Styret vedtok å nytte ev ubrukte delar av driftsbudsjettet til forvaltningsplanarbeid i tillegg til dei allereie avsette midlane på kr 50 000,- Dette skal nyttast til innhenting av kunnskap, først og fremst kulturminne og deretter ev næringsaktivitet.

ST 33/13 Jostedalsbreen nasjonalpark - støtte til Breturkartet 2013

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Innstilling frå forvaltaren

Norsk Bremuseum får ei løyving på kr 13 000,- frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sine frie tiltaksmidlar til arbeidet med Breturkartet 2013.

Handsaming i styret

Innstillinga vart vedteke einstemmig.

Vedtak

Norsk Bremuseum får ei løyving på kr 13 000,- frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sine frie tiltaksmidlar til arbeidet med Breturkartet 2013.

ST 34/13 Besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.10.2013

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil innarbeide besøksforvaltning i sin revidering av forvaltningsplanen, og ønskjer å bli direkte involvert i Miljødirektoratet sitt utviklingsarbeid av eit slikt verktøy.

Handsaming i møte

Innstillinga vart einstemmig vedteke.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil innarbeide besøksforvaltning i sin revidering av forvaltningsplanen, og ønskjer å bli direkte involvert i Miljødirektoratet sitt utviklingsarbeid av eit slikt verktøy.